



Hans Olav Evensen
Skarsvegen 293
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/631 - 17/31903

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no


Dato:
08.11.2017

Svar på førespurnad om rekkefølgekrav - gbnr 146/47 Fosse ytre

Lindås kommune viser til din førespurnad datert 05.11.2017 vedkomande rekkefølgekrav knytt til utbetring av fylkesveg 404.

Kommunen har i vedtak datert 07.07.2017 gitt dispensasjon og rammeløyve for oppføring av bustad på gbnr 146/47 Fosse ytre. Det er gitt dispensasjon frå vedteken utbyggingstakt i punkt 5.11 i føresegnene til kommuneplanen etter ei konkret vurdering av dei forhold som gjer seg gjeldande i denne saka og etter uttale frå regionale og statlege styresmakter, mellom anna Statens vegvesen.

Det er ikkje sett rekkefølgekrav i reguleringsplan for fylkesveg 404 i forhold til utbygging langs traseen. Men det er i punkt 2.9 i føresegnene til kommuneplanen sett krav om at vegen skal utbetrast og gang- og sykkelveg skal etablerast før områda B28 og B29 kan byggast ut.



Byggjesaker vert i kvart enkelt tilfelle vurdert ut frå dei planar som gjeld for område og aktuelt lovverk. Rekkjefølgjekrav nedfelt i plan vil vera juridisk bindande og på den måten styrande for sakshandsaminga på same måte som andre føresegner knytt til kommunale areal- og reguleringsplanar. Eventuelle søknader om dispensasjon vert handsama etter ei konkret og heilskapleg vurdering av dei forhold som gjer seg gjeldande i saka og etter uttale frå regionale styresmakter.

Heile saka kan du lesa på kommunen sine heimesider under innsyn.

[Lenke til innsyn](#)

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hans Olav Evensen

Skarsvegen 293 5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Hans Olav Evensen

Skarsvegen 293 5911

ALVERSUND